

# Samarbeidskonferansen 2026: Kampen om arbeidskrafta

**Onsdag 11. – torsdag 12. mars 2026**  
**Clarion Hotel Bergen Airport**

## 11. mars

- |       |                                                                                                                                                                                                                                        |
|-------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 11.30 | <b>Lunsj</b>                                                                                                                                                                                                                           |
| 12.30 | <b>Velkommen til konferanse</b><br>v/ konferansier Halvor Haukerud, Motarbeider                                                                                                                                                        |
| 13.00 | <b>Arbeidsgivarpolitikk i staten</b><br>v/ statens personaldirektør Bente Johanne Kraugerud                                                                                                                                            |
| 13.20 | <b>Arbeidsgivarstrategien i staten</b><br>v/prosjektleder Lars-Erik Becken i DFD                                                                                                                                                       |
| 13.50 | <b>Pause</b>                                                                                                                                                                                                                           |
| 14.10 | <b>Kva for kompetanse vil staten trenge i framtida?</b><br><a href="https://www.regjeringen.no">Tverrgående kompetansemål i staten - regjeringen.no</a> v/ Hanne Warloe, utredningsleder i DFD, og Lene Brittain, seniorrådgivar i DFØ |
| 14.40 | <b>Arbeidshelse og livsfasepolitikk i politiet</b><br>v/ Roar Fosse, nestleder i Politiets Fellesforbund                                                                                                                               |
| 15.20 | <b>Pause</b>                                                                                                                                                                                                                           |
| 15.45 | <b>Samtale mellom statens personaldirektør og hovudsamanslutningane</b>                                                                                                                                                                |
| 16.45 | <b>Oppsummering av dagen</b>                                                                                                                                                                                                           |
| 19.00 | <b>Mingling</b>                                                                                                                                                                                                                        |
| 19.30 | <b>Middag</b>                                                                                                                                                                                                                          |

**12. mars**

08.45                    **Oppstart dag 2**

09.00                    **Rapport om inkluderingsarbeid i statleg tariffområde**

v/ *Lars-Erik Becken, utredningsleiar i DFD*

[«Fremmere og hemmere for inkluderingsarbeid i statlig tariffområde»](#)

09.20                    **Rapport om KI i kunnskapsarbeid og samspel med den norske modellen**

v/ *Sindre Hjetland, seniorrådgivar i Akademikerne*

[«Kunstig intelligens i kunnskapsarbeid og samspillet med den norske modellen»](#)

09.50                    **Pause**

10.10                    **Medbestemming og partsamarbeid i NAV**

v/ *assisterande fylkesdirektør Aida Cisic-Dizdar, NAV Vestland*

10.40                    **Sjukefråvær – kva er rolla til tillitsvalte og verneombod?**

Kva kan partane bidra med, og kva er viktig å tenke på i ei slik rolle?

v/ *Guro Løkken Bærø, advokat og foredragshaldar i Parat*

11.15                    **Pause**

11.35                    **Når helse møter arbeidsliv**

v/ *Karoline Brobakke Seglem, Forsker, Arbeidsforskningsinstituttet*

v/ *OsloMet, [YS Arbeidslivsbarometer 2025](#)*

12.05                    **Oppsummering: Kva tar vi med oss heim?**

**På sidene under finn de meir informasjon om foredragshaldarane på konferansen.**



Digitaliserings- og  
forvaltningsdepartementet



akademikerne



LO Stat



Unio



|                                                                                     |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
|-------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|    | <p>Halvor Haukerud er rådgivar, forfattar og foredragshaldar. Halvor er siv. ing. frå NMBU, har i tillegg bred sceneerfaring som skodespelar, instruktør og produsent og har gjennom hele karrieren jobba i skjeringspunktet mellom kunnskap, teori og formidling. Gjennom eige selskap, Motarbeider AS, har han de siste to tiåra jobba med «organisasjonsutvikling med lave skuldre». Med blikk og skråblikk tar han temperaturen på arbeidslivet og lar oss reflektere over vår rolle i samarbeidet om felles mål.</p> <p><a href="http://www.motarbeider.no">www.motarbeider.no</a></p>                                                                                                                                                                                           |
|    | <p>Bente Johanne Kraugerud er statens personaldirektør og ekspedisjonssjef i Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD). Ho er utdanna jurist og starta som privatpraktiserande advokat med kollektiv og individuell arbeidsrett som hovudarbeidsområde, og i hovudsak på arbeidstakersida. Deretter har ho hatt ulike stillingar i Justis- og beredskapsdepartementet med oppgåver knytt til rettstryggleik til individet, i tillegg til ein periode som personalsjef. Ho jobba ein periode i arbeidsgivarpolitisk avdeling i det som da het KMD, før ho gjekk til stillinga som forhandlingssjef i hovudorganisasjonen Virke. De siste seks åra var ho direktør i Høyesterett, og starta i stillinga som statens personaldirektør 8. januar 2026.</p>                      |
|  | <p>Lars-Erik Becken er utgreiingsleiar i avdeling for statleg arbeidsgivarpolitikk i Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet. Ei viktig oppgåve er å representere departementet i ei rekke fora knytt til trepartssamarbeidet og IA-avtalen. Han var prosjektleiar for å utvikle statens arbeidsgivarstrategi og følgde opp Solbergs-regjeringa sin Inkluderingsdugnad. No jobbar han mellom anna med å følge opp Støres-regjeringas innsats for økt inkludering og integrering i det statlege tariffområdet, samt staten si tilnærming for å få seniorane til å stå lengre i arbeid (gode seinkarrierar). Becken er utdanna sosiolog og jobba tidlegare 17 år som forskar/utgreier med oppdrag innan arbeids- og velferdsområdet; i Econ Analyse og Proba samfunnsanalyse.</p> |
|  | <p>Hanne Warloe er samfunnsvitar og utgreiingsleiar i avdeling for statleg arbeidsgivarpolitikk i Digitaliserings- og forvaltningsarbeidet. Ho har lang erfaring frå HR og jobbar i dag med fagfelte kompetanse, leiging, endring og KI i arbeidslivet. Hanne leia arbeidet med Tverrgående kompetansemål i staten og var også prosjektleiar for anskaffing og oppfølging av Rambøll og Comte Bureaus rapport: Generativ KI i statlege verksemder.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |
|  | <p>Lene Brittain er seniorrådgivar i Direktoratet for forvaltning og økonomistyring. Har en Executive Master of Management frå BI og jobbar med kompetanse- og leiarutvikling for leiarar i staten. Ho har tidlegare jobba med kompetanseutvikling i NAV.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |

|                                                                                     |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     |
|-------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|    | <p>Roar Fosse er Forbunds nestlediar Politiets Fellesforbund (PF), den desidert største fagforeininga i politiet. Han er sjølv politiutdanna, og har jobba nesten 20 år i politiet i Bergen. Gjennom vel 30 år i ulike roller i politiet har han sett endringsprosessar på nært hold. Han har permisjon frå stillinga si som førebyggjande koordinator i Vest politidistrikt.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
|    | <p>Jens B Jahren er leder for hovudsamanslutninga YS Stat. Han har utdanning frå Krigsskolen og Forsvarets Høgskole. Jahren var nestlediar og leiar i Befalets Fellesorganisasjon frå 2008 til 2023. I Forsvaret har han hatt ulike stillingar i Hæren og ved Krigsskolen.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      |
|   | <p>Christine Ødegaard Sten er jurist og jobbar som seniorrådgivar i Norges Farmaceutiske foreining og representerer hovudsamanslutninga Akademikerne. Ho har sidan 2022 sete i utvalet til Akademikerne stat og har tidlegare vore ein del av Akademikerne stat sitt streikeberedskapsutval. Sten har lang erfaring frå ulike administrative stillingar i universitets- og høgskolesektoren og har arbeida med individuell og kollektiv arbeidsrett i Norges Farmaceutiske foreining dei siste fire åra. Ho har også fleire års erfaring som tillitsvalt i statleg sektor og har bla. ledet Juristforbundets universitets- og høgskoleforeining og sete som styremedlem i Juristforbundet stat.</p> |
|  | <p>Elisabeth Steen Onshus er leiar for hovudsamanslutninga LO Stat, eitt verv ho har hatt sidan november 2024. Ho kom da frå vervet som NTLs hovudkasserar og del av NTLs øvste valde leiing. Elisabeth har bakgrunn som leiar i NTL NAV som er NTLs største landsforeining. Ho har også mangeårig politisk bakgrunn frå kommunepolitikken i Tromsø, både som partileiar, gruppeleiar og komitéleiar. I tillegg til dette har ho hatt mange verv i kraft av sitt politiske engasjement. Elisabeth er utdanna jurist frå Universitetet i Tromsø.</p>                                                                                                                                                 |
|  | <p>Steinar A. Sæther er leiar av Forskerforbundet og representerer statsutvalet til Unio. Det har han gjort sidan 1. januar 2025. Sæther er professor i historie ved Universitetet i Oslo, og var leiar av Forskerforbundet sitt lokallag same stad mellom 2014 og 2018.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |



|                                                                                     |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      |
|-------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|    | <p>Sindre Hjetland er seniorrådgivar i Akademikerne med ansvar for å følge opp digitaliserings- og KI-politikken innanfor arbeidslivsfeltet. Sindre har det siste året blant annet representert Akademikerne i «Kompetansebehovsutvalgets nyaste rapport om betydningen av nye teknologier for fremtidig kompetansebehov», samt vore prosjektleiar for rapporten "kunstig intelligens i kunnskapsarbeid og samspelet med den norske modellen". Han har tidlegare erfaring frå kommunesektoren og konsulentbransjen.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |
|    | <p>Aida Cistic-Dizdar er assisterande fylkesdirektør i Nav Vestland og har omfattande leiarerfaring frå offentleg sektor. Som avdelingsdirektør for organisasjonsutvikling var ho ei sentral drivkraft i å vidareutvikle partssamarbeidet og styrkje medråderetten i Nav Vestland. Ho har jobba målretta for å byggje relasjonar prega av tillit, openheit og gjensidig respekt – og for å skape arenaer der leiarar, tillitsvalde og medarbeidarar opplever reell innverknad på avgjerder som blir tekne. Aida er styremedlem i HR Norge Vest og deltek i Bergen næringsråds ekspertgruppe for mangfald og inkludering. Med bakgrunn som flyktning frå Bosnia Hercegovina har ho eit djupt personleg engasjement for leiging som løftar menneske, og for å sikre at mangfald av erfaringar og perspektiv faktisk påverkar organisasjonars utvikling og retning.</p> |
|  | <p>Karoline Brobakke Seglem er forskar ved Arbeidsforskningsinstituttet (AFI) ved OsloMet, med doktorgrad i psykologi frå Universitetet i Oslo. Ho har dei siste åra forska breitt innan arbeidshelse og er i dag leiar for Arbeidslivsbarometeret, ei årleg undersøking på oppdrag frå YS som følger sentrale utviklingstrekk i norsk arbeidsliv.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
|  | <p>Guro Løkken Bærø er advokat i Parat. Guro arbeider med generell juridisk bistand innanfor individuell og kollektiv arbeidsrett, men mest med tilrettelegging ved sjukefråvær, konfliktsaker og klagesaker for NAV. Guro fekk sin advokatbevilgning i 2003, og er godkjent som advokatmekler av DNA. Guro har jobba i Parat sidan 2000, same året som hun ble utdanna cand.jur. ved Universitet i Oslo.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |